

# Kommuneplanen sin arealdel – endringar etter 1. gangs høyring

11. oktober 2019.

Endringane som er lagt inn er vurdert til ikkje å gje behov for ny høyring.

## Plankart

Nr.	Tema/område	Planforslaget	Endring	Grunngjeving
1	Småbåthamn på Feste	Vidareførte avgrensing av småbåthamn på Feste frå KPA 2011.	Areal redusert for å unngå konflikt med farleia. Arealet endra i tråd med framlegg til 2. gangs handsaming av reg.plan for Feste Kai- og næringsområde (planid 1263-201609).	Motsegn frå Kystverket, 12.07.2019. E-post frå Lindås kommune til Kystverket 2.9.2019. Motsegn trekt frå Kystverket 9.9.2019.
2	Farleier	Vidareførte farleier frå kommuneplanen 2011.	Lagt inn oppdatert oversikt over farleiar.	Endra etter innspel frå Fiskeridirektoratet og Fiskarlaget Vest.
3	Godbotsvatnet	Ikkje sikra med bandleggingssone.	Lagt inn bandleggingssone H 740 Bandlagt område på Godbotsvatnet.	Endra etter innspel frå BKK Produksjon AS.  Bandlegginga allereie er sikra i anna lovverk.
4	Aktsemdkart for jord- og flaumskred og steinsprang.		Oppdaterte kart er lagt inn.	Endra etter innspel frå NVE.
5	Omsynssoner for lausneområde og utlaupsområde skred	Delt i to.	Slått saman til ei felles omsynssone.	Endra etter innspel frå NVE.
6	Omsynssone større høgspenteleidingar		Endra til H740 Bandlagde områder.	Endra etter innspel frå NVE.  Feil omsynssone
7	B 1 Bustad Lindås	Gbnr. 108/161, 13 daa nytt bustadareal tiltenkt etablering av seniorbustader.	Areal er redusert for å ta omsyn til den Trondhjemske postvei og grøntareal.  Nytt areal; 8.1 daa.	Endra etter uttale frå FM og HFK vedtaks punkt 13 c (motsegn)/dialogmøte.  Arealet er redusert for å løyse motsegn frå Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Vestland.
8	BAB 1 Andre typer bygg og anlegg - Nordre Trongholet	Gbnr. 119/1 og 3, 12.3 daa nytt areal til småbåtanlegg og naust.	Areal er redusert for å ta omsyn til strandsona.  Nytt areal; 4,2 daa	Endra etter uttale frå FM/dialogmøte.  Arealet er redusert for å løyse motsegn frå Fylkesmannen.
9	BAB 4 Andre typer bygg og anlegg – Nordre Totlandsvika	Gbnr. 175/20 m.fl, 1,4 daa med areal til naust.	Areal er redusert slik at området berre sikrar eksisterande naust.  Nytt areal; 0,8 daa.	Endra etter uttale frå FM/dialogmøte.  Reduser arealet til berre å sikre eksisterande naust. Legg inn i føresegna at det ikkje er opning for nye naust.

10	B 8 Bustad – Leknes	Gbnr. 195/6, 11.5 daa til bustadareal.	Bustadareal tas ut av planen.	Endra etter uttale frå FM og HFK (motsegn)/dialogmøte.
11	BAB 8 Andre typer bygg og anlegg - Sauvågen.	Gbnr. 203/77, 8,2 daa med areal til småbåtanlegg og naust.	Tas ut av planen.	Endra etter uttale frå FM (motsegn)/dialogmøte.
12	BAB 15 Andre typer bygg og anlegg – Tveitastø	Gbnr. 24/4, 19,5 daa areal til naust.	Arealet er redusert. Nytt areal; 9,6 daa.	Endra etter uttale frå FM (motsegn)/dialogmøte.  Arealet må reduserast, opne opp for fellesnaust/boder. Ta ut bratt areal mot vegen, samt naustareal mot sjø.
13	BAB 16 Andre typer bygg og anlegg – Molvik	Gbnr. 227/2, 3,5 daa areal til småbåtanlegg.	Arealet er redusert. Nytt areal; 1,7 daa.	Endra etter uttale frå FM/dialogmøte.  Arealet må reduserast i sjø.
14	BAB 3 Nappevika småbåtanlegg	Arealavgrensinga for BAB 3 i samsvar med reg.plan for N Nappevika småbåtanlegg; 11,3 daa.	Areal er redusert. Nytt areal; 7,5 daa	Feil i administrasjonen sin vurdering av innspel hausten 2018.  I innspel 2018 frå Nappane båtlag var arealavgrensinga justert. Semje med Nappane båtlag om at ein legg inn ein reduksjon av areal i sjø, i tråd med ny avgrensning. Arealutviding mot søraust, som ikkje har vore del av planforslaget på høyring, vert ikkje lagt inn.
15	LNF-spreidd bustad Fjellsbø	LNF-spreidd bustad Fjellsbø inkludere heile gbnr. 48/9 og halve gbnr. 48/10. Gbnr. 48/11 ligg i LNF.	Justere grensane for LNF-spreidd bustadområdet Fjellsbø til å inkludere heile gbnr. 48/10.	Endra etter innspel frå Venche, Jan og Ottar Mellemstrand.

## Planskildring

Nr.	Tema/område	Endring	Grunngjeving
1	Språk og layout.	Skrivefeil og andre språklege endringar, som ikkje endrar innhald, er lagt inn.	Slike endringar er ikkje markert eller kommentert.
2	Endringar for å oppdatere dokumentet som følgje av endringar i plankart og føresegner.	Oppdatere planskildringa for å følgje opp endringar i plankart og føresegner som er omtalt under eigne punkt.	Sikre samanheng i plandokumenta.
3	3.3.4 Omsynssone Kulturmiljø (H570)	Legg inn stedsangivelse/info.	Endra etter innspel frå Hordaland fylkeskommune.
4	3.3.12 Sone for vidareføring av gjeldande reguleringsplan H910	Legg inn tekst med skildring av dei vurderingane som	Endra etter innspel frå Fylkesmannen.

		er gjennomført som grunnlag for å vidareføre reguleringsplanane.	
5	3.3.13 Føresegnsområde	Suppler tekst – meir forklaring av kva føresensområde betyr.	Endra etter innspel frå administrasjonen.

## Føresegner

Nr	Tema/område	Planforslaget	Endring/ny tekst	Grunngjeving
1	Språk og layout.		Skrivefeil og andre språklege endringar, som ikkje endrar innhald, er lagt inn.	Slike endringar er ikkje markert eller kommentert.
2	Føresegn 2.2.1 Unntak frå krav om reguleringsplan	Føresegn 2.2.1 Unntak frå krav om reguleringsplan	Føresegn 2.2.1 Unntak frå krav om reguleringsplan – heile føresegnet er omarbeida og dei mest sentrale endringane er kommentert i rad 3 og 4 under.	Endra etter uttale frå Fylkesmannen, Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune.  Endringa vil ikkje medføre ny høyring.
3	Føresegn 2.2.1 Unntak frå krav om reguleringsplan	Punkt 3. «Nye tiltak skal knyte seg til eksisterande infrastruktur for veg, vatn og avløp».	Bytta ut med to nye punkt: Punkt 3. «Nye tiltak skal ha løysing for vatn og avløp som kommunen godkjenner. Det skal primært vere felles løysingar for eit område».  Punkt 4. «For nye tiltak må må forholdet til tilkomstveg, avkjørsle og byggegrense mot veg vere godkjent av kommunen/aktuell vegmynde jf. pbl. § 11-10.nr 1».	Endra etter innspel frå Statens vegvesen.
4	Føresegn 2.2.1 Unntak frå krav om reguleringsplan	«Fortetting inneber etablering av ny(e) eining(ar)/bueining(ar), med inntil 2 naust, 2 bueiningar, 2 fritidsbustader (einingar), jf. pbl. § 11-10 nr.1».	«Ved fortetting i område for bygg og anlegg som i vesentleg grad er bygd ut utan reguleringsplan, kan det gjevast unntak for krav om reguleringsplan for etablering av tiltak etter pbl § 20-1 når vilkåra under er oppfylt. Unntak frå krav om reguleringsplan gjeld for inntil 2 naust, 2 bueiningar, 2 fritidsbustader (einingar) for kvart område i planperioden, jf. pbl. § 11-10 nr. 1. «	Endra etter uttale frå Fylkesmannen.  Unntak for fortetting er for vidt definert og må omarbeidast eller takast ut.
5	Føresegner 2.2.3 Område med krav om detaljregulering  Tabell 1 – LSN 4		Tillegg til tekst;  «Detaljplan for område skal ta omsyn til fulldyrka mark og ålmenta sin tilgang til sjø i område F».	Endra etter uttale frå Fylkesmannen.
6	Føresegner 2.2.3 Område med krav om detaljregulering	«Småbåtanlegg i sjø og vassdrag + inntil 7 naust. Tilhøvet til og konsekvensar for naturtypar/registreringar må avklarast i detaljplan.	«Småbåtanlegg i sjø og vassdrag + naust. Tilhøvet til og konsekvensar for naturtypar/registreringar må avklarast i detaljplan. Ålmenta	Endra etter uttale frå Fylkesmannen.  Areal er redusert (sjå nr.8 under plankart).

	Tabell 1 – BAB 1	Ålmenta sin tilgang til sjø skal sikrast i detaljplan».	sin tilgang til sjø skal sikrast i detaljplan».	
7	Føresegner 2.2.3 Område med krav om detaljregulering  Tabell 1 – BAB2	«Småbåtanlegg i sjø og vassdrag. Ålmenta sin tilgang til sjø skal sikrast i detaljplan. Området skal nytte eksisterande slipp på Feste kai».	«Småbåtanlegg i sjø og vassdrag. Det vert opna for etablering av flytebryggje med inntil 18 båtplassar og tilkomst ved sti frå eksisterande parkeringsplass. Ålmenta sin tilgang til sjø skal sikrast i detaljplan. Området skal nytte eksisterande slipp på Feste kai».	Endra etter uttale frå Fylkesmannen.  Føresegna er presisert.
8	Føresegner 2.2.3 Område med krav om detaljregulering  Tabell 1 - BAB3		Tillegg til tekst: «Før detaljplan for dette området kan vedtakast, må det ligga føre vedtak om oppheving av reguleringsplanen for Nappane, Gnr. 129 Bnr. 5 og seinare utskilde parsellar, planid. 1263-19012007.»	Endra etter uttale frå Fylkesmannen.  Arealet er redusert (sjå nr. 14 under plankart).
9	Føresegner 2.2.3 Område med krav om detaljregulering  Tabell 1 – BAB 8 og BAB 9	«Småbåtanlegg i sjø og vassdrag + naust. Det er krav om felles regulering av BAB 8 og BAB 9, for å sikre ein heilskapleg utvikling av området og offentleg tilgjengeleg slipp for båtar. Ålmenta sin tilgang til sjø skal sikrast i detaljplan og omsynet til registrerte fugleartar av nasjonal forvaltningsinteresse skal også vurderast i detaljplan».	«Småbåtanlegg i sjø og vassdrag. Ålmenta sin tilgang til sjø skal sikrast i detaljplan og omsynet til registrerte fugleartar av nasjonal forvaltningsinteresse skal også vurderast i detaljplan».	Endra etter motsegn frå Fylkesmannen.  BAB 8 er tatt ut (sjå punkt 11 under plankart).
10	Føresegner 2.2.3 Område med krav om detaljregulering  Tabell 1 – BAB 15	«Andre typar bygg og anlegg: båtopplag/naust. Det skal etablerast felles parkeringsplass og inntil 25 nausttomter, spyleplass og bygg for vinterlagring av båtar. God landskapstilpassing er viktig.  Det må undersøkast om det er marin leire i grunnen, eller ikkje, og dokumenterast at områdestabiliteten vert bevart. Skog- og lyngbrann må utgreiast i ROS-analyse. Kjemikalieutslepp og annan forureining frå småbåtområdet skal handterast».	«Andre typar bygg og anlegg: båtopplag og felles naustbygg. Det skal etablerast felles parkeringsplass og felles bygg for oppbevaring av båt- og fiskeutstyr. God landskapstilpassing er viktig. Det må undersøkast om det er marin leire i grunnen og dokumenterast at områdestabiliteten vert bevart. Skog- og lyngbrann må utgreiast i ROS-analyse».	Endra etter uttale frå Fylkesmannen.  Arealet er redusert (sjå punkt 12 under plankart).
11	Føresegner 2.2.3 Område med krav om detaljregulering  Tabell 1 – B 1	«Trasé for den Trondhjemske postvei (automatisk freda) skal leggest inn».	«Den trondhjemske postvei (automatisk freda kulturminne) som går på utsida av planområdet skal takast omsyn til.»	Endra etter motsegn frå Fylkesmannen og Hordaland fylkeskommune.  Arealet er redusert (sjå punkt 7 under plankart) og postveien ligg utanfor planområdet.

12	Føresegner 2.2.4 Risiko og sårbarheit	«For søknader om tiltak innanfor planar som ikkje har vore gjenstand for ein risiko- og sårbarhetsanalyse, eller der kommunen vurderer ROS-analysen som ikkje tilstrekkeleg, skal deg leggast fram dokumentasjon i samsvar med pbl. § 28-1 der kommunen finn det naudsynt».	Føresegnet er tatt ut.	Endra frå administrasjonen.  Er dekkja av Plan- og bygningsloven.
13	Føresegner 2.4.2 Veg og transport	«Det skal etablerast snuhammar i enden av tilkomstveg».	«Snuhammar skal vere utforma slik at utrykkingskøyretøy/renovasjonsbil skal kunne snu»	Endra frå administrasjonen.  Endre til rundare formulering slik at dette ikkje vil gjelde for alle krav.
14	Føresegn 2.5.1 Generelt	«Løyve til igangsetting vert ikkje gjeve før teknisk plan for veg, vatn og avløp og utomhusplan er godkjent av kommunen»	«Løyve til igangsetting vert ikkje gjeve før teknisk plan for veg, vatn og avløp og utomhusplan er godkjent av kommunen/aktuell vegmynde. Gjeld i regulerte område eller der det er krav om det ved handsaming av søknad»	Endra frå administrasjonen.
15	Føresegn 2.5.1 Generelt	Avsnitt 4 om handsaming av masser.	Flytta til 2.9.1.	Endra frå administrasjonen.
16	Føresegn 2.5.1 Generelt	Retningslinje: «Før rammeløyve vert gjeve bør ein vurderer å inngå utbyggingsavtale for området».	Retningslinja er tatt vekk.	Endra frå administrasjonen.  Retningslinja har inga virkning då spørsmålet om eventuell utbyggingsavtale vert vurdert i reguleringsplan.
17	Føresegner 2.5.2 Krav til byggje- og anleggsfasen	2.5.2 Krav til byggje- og anleggsfasen – hele teksten.	2.5.2. Krav til byggje- og anleggsfasen vert tatt ut av føresegnsdokumentet	Endra frå administrasjonen. Føresegna er tatt ut.  Andre regelverk sikrar at desse krava vert fulgt og det vert ikkje vurdert som riktig å gjenta dette i føresegna til kommuneplanen.
18	Føresegner 2.5.2 (tidlegare 2.5.3) Rekkefølgekrav for område	«Før utbygging av nye bueiningar og bruksendringar som vil føre til auke i trafikkmengda for eigedommar som ligg langs fv. 5476 frå Kvamme til Skaret, ved grense mellom gardsnummer 148 og 149, skal fylkesvegen vera utbetra og fortau etablert frå krysset ved Håland fram til nordre kryss til Kvamsvågen i samsvar med	«Før utbygging av nye bueiningar og bruksendringar som vil føre til auke i trafikkmengda for eigedommar som ligg langs fv. 5476 frå Kvamme til Skaret, ved grense mellom gardsnummer 148 og 149, skal fylkesvegen vera utbetra og fortau etablert i samsvar med reguleringsplan Fv. 404 parsell Kvamme-til kryss ved	Endra etter innspel frå Statens vegvesen.  Føresegnet var uklart formulert i høyringsforslaget.  Vegnummer er endra frå Fv. 404 til Fv. 5476.

		<i>reguleringsplan Fv. 404 parsell Kvamme-til kryss ved veg til Fossevatnet, planID 1263-201112. For dei eigedomane som ligg innanfor området for reguleringsplanen, er det tilstrekkeleg at utbetring av veg og etablering av fortau er gjennomført fram til eigedomen.»</i>	veg til Fossevatnet, planID 1263-201112. For dei eigedomane som ligg innanfor området for reguleringsplanen, er det tilstrekkeleg at utbetring av veg og etablering av fortau er gjennomført fram til eigedomen. Området er illustrert i vedlegg [sett inn].»	
19	Føresegner 2.6.1 Byggjegrenser langs sjø og vassdrag	«Dele- og byggjegrense mot vassdrag/elv/bekk med årssikker vassføring er 25 m. For samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur, er dele- og byggjegrensa 0 meter».	«Dele- og byggjegrense mot vassdrag/elv/bekk med årssikker vassføring er: • 20 meter der nedslagsfeltet er mindre enn 20 km <sup>2</sup> • 100 meter der nedslagsfeltet er over 20 km <sup>2</sup> (Romarheimselvi, Eikefetelvi og Eikangervassdraget) Ved detaljplan/ søknad om tiltak der plassering er nærare enn det som går fram over, må vurdering av flaum- og erosjonsfare vere dokumentert.»	Endra etter innspel frå NVE og Fylkesmannen.  Setning om 0 meter byggjegrense for samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur er tatt ut.  Sjå føresegnsdokumentet for full versjon av føresegnet.
20	Føresegner 2.6.2 Byggjegrenser mot anna infrastruktur	Inga omtale av byggjeforbod langs luftleidingar.	Tillegg til 2.6.2: «Det må ikkje iverksettast tiltak under eller nært luftleidningar eller anlegg som er i strid med Forskrift om elektriske forsyningsanlegg. Ved gjennomføring av bygging, graving, utfylling, sprenging eller andre tiltak må det ligga føre samtykke frå anleggseigar.»	Endra etter innspel frå BKK Nett: langs luftleidingar gjeld byggeforbod.
21	Føresegner 2.6.3 Omsyn til havnivåstigning og stormflo		«Planlegging og tiltak skal utførast slik at bygg og anlegg ikkje tek skade av havnivåstigning og høg vasstand i sjø og vassdrag.»  Resten av teksten er lagt inn som retningslinje.	Endra frå administrasjonen.  Føresegna delt opp slik at delar av føresegna ligg som retningslinje etter innspel frå administrasjonen.
22	Føresegn 2.6.4 Krav til uteopphaldsareal (MUA og leikeplass  c) Minsteareal i område for LNF-spreidd bustad	«For bustader i LNF-spreidd bustad skal MUA vere 200 m <sup>2</sup> per hovudbueining og 50 m <sup>2</sup> per sekundærleilighet».	Ny tekst: «For bustader i LNF-spreidd bustad skal MUA vere 200 m <sup>2</sup> per hovudbueining».	Endra etter innspel frå Fylkesmannen, sjå samanheng med endring i føresegn 3.4.3
23	Føresegn 2.6.5 Parkering	«5 % av alle parkeringsplassar skal vere utforma og reservert rørslehemma. 10 % av alle parkeringsplassar i region- og nærsenter skal vere tilrettelagd for el-bilar»	Endra slik at kravet slår inn ved eit utval formål markert med * i tabellen. Kravet vil til dømes ikkje gjelde for einebustad, tomannsbustad og tremannsbustad.	Endra frå administrasjonen.
24	Føresegn 2.6.5 Parkering	«Hybel»	«Hybel» er tatt ut av tabellen.	Endra frå administrasjonen.

				Hybel er ikkje definert etter pbl.
25	Føresegn 2.6.5 Parkering	«Maksimalkrav til parkeringstal gjeld ved utarbeiding av reguleringsplan».	Tatt ut.	Endra frå administrasjonen.  Uklart kva føremålet med setningen var.
26	Føresegn 2.6.5 Parkering	«Definisjon av eining følger matrikkellova sin definisjon av bueining +++».	Endra til definisjon etter plan- og bygningslova. Ta ut frå denne føresegna og kun la ligge under kap. 5 «Definisjonar».	Endra frå administrasjonen.
27	Føresegner 2.7.4 Mellombelse og flyttbare konstruksjonar	Inga omtale av «fiske».	Tillegg til 2.7.4: Lagt inn eige kulepunkt «Er til hinder for fiske»	Endra etter innspel frå Fiskarlaget Vest.
28	Føresegner 2.7.4 Mellombelse og flyttbare konstruksjonar		8 meter tatt vekk	Endra frå administrasjonen.  Krav sikra i byggt teknisk forskrift
29	Føresegner 2.7.4 Mellombelse og flyttbare konstruksjonar	Retningslinje	Retningslinje sletta, er dekkav reglane i plan- og bygningslova og er unødvendig.	Endra frå administrasjonen.  Dekka av Pbl.
30	Føresegner 2.7.4 Mellombelse og flyttbare konstruksjonar  a) Mellombels deponering av massar	Retningslinje	Retningslinje sletta.  Endra til føresegn: Mellombels deponering av massar, inn til to månader, kan berre skje i område med arealføremål busetnad og anlegg, og samferdsel og teknisk infrastruktur. Mellombels deponering av massar kan likevel ikkje skje i omsynssone, i strandsone eller i område der eksisterande vegetasjon etter planen skal takast vare på. Mellombels deponering av masser må ikkje hindra allmenn ferdsel eller bruk av eit område.	Endra frå administrasjonen.
31	Føresegn 2.7.6 Støy	«Kommunen kan krevje støyvurdering som følgjer gjeldande nasjonale metodar ved reguleringsplanlegging og/eller før godkjenning av tiltak for varig opphald i område med risiko for støyplager».	«Miljøverndepartementet si til ei kvar tid gjeldande retningslinje for støy i arealplanlegging (T-1442) skal gjelda for planlegging og ved sakshandsaming av tiltak etter plan- og bygningslova. Ved regulering eller byggesaker der støyforholda går ut over den tilrådde grensa i retningslinja skal det liggja føre dokumentasjon av støyforholda og plan for avbøtande tiltak».	Endra frå administrasjonen.
32	Føresegn 2.9 Forhold som skal		Tillegg til tekst:	Innspel frå NVE.

	avklarast og synleggjerast i vidare reguleringsarbeid		«Tiltak som ligg under marin grense skal vurderast med omsyn til grunnforhold og stabilitet».	
33	Føresegn 2.9.1 Innhaldet i reguleringsplaner (tidlegare 2.9.1 Generelt og 2.9.3 Innhaldet i reguleringsplanar)	2.9.1 Generelt og 2.9.3 Innhaldet i reguleringsplanar  «For alle reguleringsplanar skal det utarbeidast teknisk plan for veg, vatn og avløp som skal godkjennast av kommunen».	Tekst under «Generelt» er slått saman med «Innhaldet i reguleringsplanar» til eit nytt punkt 2.9.1.  Endra føresegn som viser til aktuell vegmynde: «For alle reguleringsplanar skal det utarbeidast teknisk plan for veg, vatn og avløp som skal godkjennast av kommunen/aktuell vegmynde før utbygging av området.»	Endra etter innspel frå Statens vegvesen og administrasjonen.  Har justert teksten i forhold til krav til VA rammeplan og teknisk plan.
34	Føresegn 2.9.2 ROS		Lista er tatt ut av føresegnet.	Endra etter innspel frå NVE.  Lista er ikkje uttømmende. Ny tekst er meir generell.
35	Føresegn 3.1.1 (i høyringsutkastet) Unntak frå krav om reguleringsplan for byggjegrænse		Føresegna er sletta.	Endra etter innspel frå Fylkesmannen, er i strid med pbl § 1-8.
36	3.1.1 Bustadføre mål (tidlegare 3.1.2)	«Samla bruksareal (BYA) for bustad, garasje og uthus skal ikkje overstige 400 m <sup>2</sup> ».	«Samla bruksareal (BRA) skal ikkje overstige 400 m <sup>2</sup> ».	Endra frå adminis  Presiserer ikkje nødvendig. Vil bruke beregningsreglane i grad av utnytting.
37	Føresegn 3.1.6 Næringsområde (tidlegare 3.1.5)  b)	«Internt i næringsområde skal det setjast av ein grøntstruktur som viser noko av dei opphavlege terrengformasjonane. Grøntstruktur og skjerming mot andre arealføre mål skal fastsetjast i reguleringsplan og vere min. 5 % av tomtearealet».	«I næringsområda skal det setjast av areal til vegetasjonsskjerm (buffer) mot tilgrensande område eller område med innsyn til næringsområdet. Grøntstruktur og skjerming mot andre arealføre mål skal fastsetjast i reguleringsplan, jf. pbl. § 11-9 nr. 6 og 8.»	Endra frå administrasjonen.  Ikkje hensiktsmessig/tilfører ikkje kvalitet.
38	Føresegn 3.1.6 Næringsområde (tidlegare 3.1.5)  b) BN4		Tillegg til tekst:  «Søknad om tiltak må skal sendast Hordaland fylkeskommune for vurdering av kulturminneinteresser, jf. kulturminnelova §§ 3, 8 og 9.»	Endra etter innspel frå fylkeskommunen.
39	Føresegn 3.1.8 Idrettsanlegg (tidlegare 3.1.9)	«Det kan gjevast unntak frå kravet om reguleringsplan for mindre tiltak i samsvar med pbl §§ 20-4 g 20-5 knytt til eksisterande bygningar og drift når vilkåra i punkt 2.2.1 er oppfylt»	Tatt ut av teksten.	Endra frå administrasjonen.  Innhaldet er dekkja av føresegn 2.2.1
40	Føresegn 3.1.9 Andre bygg og anlegg (BAB) Naust (tidlegare 3.1.10)	«Det kan tillast fellesanlegg på land og i sjø som båtopprekk og brygge/pir felles for to nausteingar eller fleire. «	Tatt ut av teksten.	Endra etter innspel frå Fiskarlaget Vest og Fylkesmannen.



				Er ikkje i samsvar med naustføremål og ugyldig føresegn.
41	Føresegn 3.1.9 Andre bygg og anlegg (BAB) Naust (tidlegare 3.1.10)	Punkt c: «Naust skal utformast i samsvar med lokal byggeskikk med variasjon og oppdeling som ein finn i tradisjonelle naustmiljø i regionen. Nye naust som vert ført i opp i etablerte naustmiljø skal tilpassast eksisterande naust i storleik og utforming, jf pbl. § 11-9 nr. 6.»  Punkt f: «Eksisterande naust kan erstattast med nye så lenge nytt naust er i samsvar med denne føresegna.»	Nytt punkt c: «Eksisterande lovleg etablerte naust kan erstattast med nytt så lenge nytt naust er i samsvar med denne føresegna.»  Gamle punkt c er sletta	Endra etter innspel frå Fylkesmannen + vedtak HFK  Presisering av ordlyd for riving og oppattbygging av eksisterande naust.  Sjå føresegnsdokumentet for full versjon av føresegnet.
42	Føresegn 3.1.9 Andre bygg og anlegg (BAB) Naust (tidlegare 3.1.10)	Tabell BAB 4 og BAB 11	Nytt punkt d: «For område BAB4 i Nordre Totlandsvika og BAB 11 Eikangervåg er det ikkje tillat med oppføring av nye naust. Innanfor områda kan det tillast riving av eksisterande naust og oppføring av nytt naust i samsvar med reglane over».	Endra etter innspel frå Fylkesmannen.
43	Føresegn 3.1.9 Andre bygg og anlegg (BAB) Naust (tidlegare 3.1.10)  BAB 4 og BAB 11	BAB4  BAB 11 Andre typer bygg og anlegg – Eikangervåg – opning for inntill 2 nye naust og 1 bryggje.	«For område BAB4 i Nordre Totlandsvika og BAB 11 Eikangervåg er det ikkje tillatt med oppføring av nye naust. Innanfor områda kan det tillast riving av eksisterande naust og oppføring av nytt naust i samsvar med reglane over».	Endra etter innspel og avklaring på dialogmøte med Fylkesmannen + vedtak HFK
44	Føresegn 3.1.10 Grav- og urnelund (BGU) (tidlegare 3.1.11)  a)		Punkt a) tatt vekk.	Endra frå administrasjonen.  Innhaldet er dekket av føresegn 2.2.1
45	Føresegn 3.3.2 Friområde	Føresegna opnar for «enkel ballplass med grus, sand eller naturgras»	Ordlyden «enkel ballplass med grus, sand eller naturgras» er sletta.	Endra etter innspel frå Fylkesmannen.
46	Føresegn 3.4.1 LNF-områder		Presisering i punkt b: «Unntaket gjeld kun når plasseringa er nødvendig av driftsomsyn og tiltaka ikkje kan plasserast utanfor 100 meters beltet».	Endra etter innspel frå Fylkesmannen.
47	Føresegn 3.4.1 LNF	Retningslinje for handsaming av søknad om frådelling av bustadtomt/bustadhus nr. 2	Retningslinja er tatt ut	Endra etter innspel frå Fylkesmannen + dialogmøte som finn retningslinja ugyldig.
48	Føresegn 3.4.2 LNF Spreidd		Lagt inn tilleggskrav om løysing for veg, vatn og avløp for eigedommen.	Endra etter innspel frå administrasjonen.

49	Føresegner 3.4.3 LNF-spreidd bustad (LSB) a)b)	a)Nye bustader skal vere einbustader med ein bueining. Eitt sekundærhusvære med maks. 70 m <sup>2</sup> bruksareal (BRA) kan tillatast. Seksjonering er ikkje tillate, jf pbl. § 11-11 nr 2. b)På eigedom med eksisterande bygningar kan det gjevast løyve til tiltak i samsvar med føresegn 2.2.1 når tiltaket ikkje fører til etablering av nye bueiningar med unntak av sekundærhusvære inntil 70 m <sup>2</sup> i eksisterande bygning .	a) Nye bustader skal vere einbustader med ei bueining. Seksjonering er ikkje tillate, jf pbl. § 11-11 nr 2. b) På eigedom med eksisterande bygningar kan det gjevast løyve til tiltak i samsvar med føresegn 2.2.1 når tiltaket ikkje fører til etablering av nye bueiningar.	Endra etter innspel frå Fylkesmannen.  Politikken er stramma inn, og ein kan ikkje opne opp for eitt sekundærhusvære.
50	Føresegn 3.4.5 LNF-spreidd naust	«c) Naust skal utformast i samsvar med lokal byggeskikk med variasjon og oppdeling som ein finn i tradisjonelle naustmiljø i regionen. Nye naust som vert ført opp i etablerte naustmiljø skal tilpassast eksisterande naust i storleik og utforming, jg. Pbl. § 11-9 nr. 6».	Tatt ut.	Endra etter innspel frå Fylkesmannen.  Tatt ut, unødvendig føresegn. Dekka av pbl og føresegn om storleik.
51	Føresegn 3.4.5 LNF-spreidd naust	For alle områda kan eksisterande lovlege naust erstattast med nye.	Endra til: «Eksisterande lovleg etablerte naust kan erstattast med nytte så lenge nytt naust er i samsvar med denne føresegna».	Endra etter innspel frå Fylkesmannen  Presisering av ordlyd for riving og oppattbygging av eksisterande naust. Endra slik at det er samsvar med føresegn 3.1.9
52	Føresegner 3.4.6 LNF-spreidd næring (LSN)  Bruk av omgrepet «grenseverdiar» for elektromagnetisk stråling.	Omgrepet er brukt i føresegn 3.4.6 LNF-spreidd næring i tabelltekst om LSN 3 Spurkeland, LSN 10 Bjørgo	«Tiltak med rom for varig opphald kan ikkje plasserast i magnetisk felt med høgare feltstyrke enn 0,4 mikrotesla utan at dette er utgreidd og tiltak er vurdert.»	Endra etter innspel frå BKK Nett  Det er ikkje fastsatt grenseverdiar for magnetfelt.
53	Føresegner 3.4.6 LNF-spreidd næring (LSN)  LSN 11 Eidevågen	«Vinterlagring av båtar, oppstrekksplass for båtar, kai og naust».	«Det kan etablerast ein oppstrekksplass for båt, lagring av båtar utandørs, ein kai og eitt naust. Ved søknad om tiltak skal det vere utarbeidd og lagt ved ein geologisk rapport. Eventuelle tilrådde sikringstiltak skal vere ferdigstilte før det vert gjeve bruksløyve».	Endra etter innspel frå FM.  Må avgrense meir kva ein opnar opp for.
54	Føresegner 3.4.6 LNF-spreidd næring (LSN)  LSN 12 - Askeland	«Næringsbygg knytt til «Inn på tunet», gardsturisme, lokalmatproduksjon, lager, gardsbutikk, maks 4 enkle	«Eitt næringsbygg knytt til «Inn på tunet»; gardsturisme, lokalmatproduksjon, lager gardsbutikk og maks 4 enkle	Endra etter innspel frå Hordaland fylkeskommune.

		utleiehytter på inn til 35 m2 BRA kvar»:	utleiehytter på inntil 35 m2 BRA kvar».	
55	Føresegner 3.4.6 LNF-spreidd næring (LSN)  LSN 18 - Dyrkolbotn	«Det kan først opp inntil 2 nye bygningar samt utviding av eksisterande bygning. Samla nytt BYA må ikkje overstige 3000 m <sup>2</sup> .	«Bygningar og anlegg for leirstad, undervisning/konferanse, dyrehald, overnatting og servering samt personalbustad. Det kan først opp inntil 2 nye bygningar samt utviding av eksisterande bygning. Samla nytt BYA må ikkje overstige 2000 m <sup>2</sup> . Ved plassering av bygningar og anlegg skal det leggjast særleg vekt på omsynet til landskap, natur og friluftsliv».	Endra etter innspel frå Hordaland fylkeskommune.
56	Føresegner 3.4.7 Eigedom med status som LNF- spreidd		Heile føresegnet er omarbeida for å sikre: – Omtale av eigedommar innanfor 100- metersbelte – Kun opning for 1 bueining – Søknadsplikt for tiltak – Søknader til kulturminnemynde for uttale	Endra etter innspel frå Fylkesmannen og Hordaland fylkeskommune (motsegn).  Lagt inn presisering.
57	Føresegner 3.5.3  Havbruk/ Akvakultur		Tillegg til tekst: «I område der det ikkje allereie er gjeve løyve til verksemd i samsvar med arealføremålet, kan det ikkje starta opp detaljplan eller gjevast løyve til tiltak før det er utarbeida ein interkommunal plan for akvakultur som viser den samla belastninga av fjordsystemet.	Endra etter motsegn frå Fylkesmannen.
58	Føresegner 3.5.3  Havbruk/Akvakultu r Område med potensial for akvakultur (fleirbruk)	Føresegn knytt til område med potensial for akvakultur (fleirbruk)	Føresegn tatt ut.	Endra etter innspel frå Fiskeridirektoratet og administrasjonen: Det er ikkje lagt inn «Område med potensial for akvakultur (fleirbruk)» i plankartet og føresegner til føremålet skal difor ut.
59	Føresegn 3.5.6 Kombinserte føremål i sjø og vassdrag (VKA)	«Søknader om tiltak/ingrep på eller i nærleiken av området, skal leggast fram for <u>næringa</u> for uttale...».	Bruk av omgrepet «næringa» må presiserast. Endra til: «skal leggast fram for Fiskeridirektoratet for uttale».	Endra etter innspel frå Fiskarlaget Vest. Fiskeridirektoratet er høyringsinstans.
60	Føresegner 3.5.10 Gyteområde, 3.5.11 Trålefeldt for reke og 3.5.12 Låssettingsplass	«..skal leggast fram for <u>fiskeridirektøren</u> for uttale».	Endra til «..skal leggast fram for Fiskeridirektoratet for uttale».	Endra etter innspel frå Fiskeridirektoratet og Fiskarlaget Vest.
61	Føresegn 4.1.2 Støysone	«Gjeld område som er utsett for støy frå vegtrafikk fylkesvegar i kommunen»	«Gjeld område som er utsett for støy frå vegtrafikk.»	Endra frå administrasjonen.

62	Føresegner 4.2.3 Høgspenningsanlegg (H740) (tidlegare 4.1.3)	Ingen omtale av byggjeforbod	Tillegg til tekst: «Det må ikkje iverksettast tiltak under eller nær høgspenningsleidningar eller anlegg som er i strid med Forskrift om elektriske forsyningsanlegg. Ved gjennomføring av bygging, graving, utfylling, sprenging eller andre tiltak må det ligga føre samtykke frå anleggseigar».	Endra etter innspel frå BKK Nett  Langs kraftleidningar gjeld det eit byggeforbod.
63	Føresegner 4.2.3 Høgspenningsanlegg (H740) (tidlegare 4.1.3)	Godbotsvatnet	Bandlagt etter vassdragsreguleringslova.	Endra etter innspel frå BKK Produksjon AS.
64	Føresegner 4.1.4 Særleg omsyn til landbruk, landskap, friluftsliv m.m.  Omsyn friluftsliv (H530)	«Innanfor omsynssona er det ikkje tillate med tiltak eller fysiske inngrep som kan medføre ødelegging eller nedbygging, eller som på annan måte kan redusere bruksverdien av områda vesentleg i høve tur- og friluftsliv.»	«Sona omfattar område som har særleg verdi for friluftsliv. I desse områda skal landskaps- og friluftsinnteressene prioriterast og vektleggjast tungt ved planlegging, handsaming av søknadar og gjennomføring av tiltak i områda. Innanfor sonene vert det ikkje tillate tiltak som kan hindre tilgang til og bruk av området til friluftsliv, eller redusere eksisterande tilstand, kvalitet og opplevingsverdi på anna vis.»	Endra etter innspel frå Bygdalaget Vikanes-Romarheim.  Omgrepet «nedbygging» er uklart.
65	Føresegn 4.1.5 Omsyn kulturmiljø og kulturminner (H570)		Nytt tillegg i føresegna: «Ved etablering av tiltak på eigedommar som ligg i omsynssona skal søknad sendast til fylkeskommunen for vurdering av kulturminneinteresser.»	Endra etter innspel frå Hordaland fylkeskommune.
66	Føresegn 4.2.1 Bandlegging etter lov om: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Naturvern (H720)</li> <li>• Kulturminner (H730)</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• «Naturvern (H720)</li> <li>• Kulturminner (H730)</li> </ul> <p>Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan verke inn på det automatisk freda kulturminnet er ikkje tillate med mindre det ligg føre dispensasjon frå kulturminnelova. Det er med dette ikkje tatt ettertrykkeleg stilling til arealbruken jf. Kulturminnelova § 8 fjerde ledd».</p>	«Automatisk freda kulturminne vist som omsynssone d) (SOSI-kode H730) er bandlagt etter kulturminnelova. Det er ikkje tillate å sette i gong tiltak som er eigna til å skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, dekke til, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme dei automatisk freda kulturminna eller framkalle fare for at dette kan skje. Tiltak som kan ha innverknad på automatisk freda kulturminne skal leggjast fram for Hordaland fylkeskommune, jf. kulturminnelova §§ 3 og 8.  Dei mellomalderske kyrkjegardane Lindås, Myking og Seim er automatisk freda kulturminne. Innanfor	Endra etter motsegn frå Hordaland fylkeskommune.

			<p>mellomalderkyrkjegardane er gravlegging berre tillate i gravfelt som har vore i kontinuerleg bruk etter 1945. Gravfelt som ikkje har vore i bruk etter 1945 skal ikkje brukast til gravlegging.</p> <p>Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan verke inn på det automatisk freda kulturminnet er ikkje tillate med mindre det ligg føre dispensasjon frå kulturminnelova.»</p>	
67	Føresegn § 4.2.2 Sone for bandleggingssone etter anna lov		Nytt punkt lagt til under forhold som skal sendast på uttale til Statens vegvesen: «Alle tiltak innanfor reguleringsplanar eldre enn 10 år.»	Endra etter innspel frå Statens vegvesen.
68	Nytt føresegn 4.2.3 Bandlage områder (H 740)		Lagt inn omtale jamfør endra omsynssone i plankartet.	Endra etter innspel frå NVE.  Må nytte H740 Bandlagde områder.
69	Føresegn 6.2 Vedlegg B Fritidsbustadeiged omar med status som LNF-spreidd, ref. kap. 3.4.7.	Gbnr. 227/12 er del av opplistinga for både bustad og fritidsbustad.	Gbnr. 227/12 vert tatt ut av opplistinga for fritidsbustad.	Endra etter innspel frå Idar Molvik.
70	5 Definisjoner	Manglar tekst under «Naturmangfaldslova»	Satt inn tekst.	Endra frå administrasjonen.

## Konsekvensutgreiing

Nr.	Tema/område	Planforslaget	Endring	Grunngjeving
1	Språk og layout.		Skrivefeil og andre språklege endringar, som ikkje endrar innhald, er lagt inn.	Slike endringar er ikkje markert eller kommentert.